



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/6727 - 22/22109

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
16.03.2022

Vedtak til klagevurdering - dispensasjon for veg og parkeringsplass gbnr 214/233 Fyllingsnes

Tiltak: ettergodkjenning av veg og parkeringsplass - dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 214/233
Tiltakshavar: Lorentz Olsen
Ansvarleg søkjar: Lorentz Olsen

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggjegrense mot sjøen avsatt i kommunedelplanen for Lindås for oppføring av delar av veg- ca. siste 12 meter- og parkeringsplass til eksisterande fritidsbustad på gbnr 214/233 på Fyllingsnes. Delar av veg ligg på gbnr 214/35 etter tinglyst avtale. Vegen og parkeringsplass er allereie oppført, tiltakshavar opplyser at han har gjort det i god tro pga. vegen var intern veg mellom ulike bygningar på gbnr 214/35 før frådeling.

Administrativ handsaming



Saka vart handsama av administrasjonen den 16.03.22, der følgjande vedtak vart fatta:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå byggjegrense mot sjøen avsett i kommunedelplanen for Lindås jf. § 11-9.5 pkt.4.5.1 for oppføring av delar av veg og parkeringsplass til eksisterande fritidsbustad på gbnr 214/233.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Strandplan for del av Storneset (Fyllingsnes område) er definert som eksisterande fritidsbustad-føremål. Delar av tiltaket: ca.12 meter av veg og heile parkeringsplass ligg i strid med byggjegrense mot sjøen avsett i kommunedelplanen for Lindås. Reguleringsplanen er gjeldande med supplerings/ending av nyare kommunedelplan jf.pkt.4.5 føresegna til KDP Lindås. I kommunedelplanen er arealet avsett til fritidsbustadføremål:



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post larissa.dahl@alver.kommune.no eller på telefon 56171423.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjent søknad om dispensasjon for veg og parkeringsplass til fritidsbustad - gbnr 214/233 Fyllingsnes
Søknad om ettergodkjenning av veg og parkeringsplass - dispensasjon - gbnr 214/233 Fyllingsnes
Søknad om dispensasjon
Nabovarsel
Situasjonskart
Bilder

Vedlegg:

Følgeskriv med vedlegg

Kopi til:

Lorentz Olsen

Andreas Gjellesviks Veg
23

5260

INDRE ARNA

Mottakrar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger